

<b>Kva:</b>	Møte nr. 04 i Alpinkomiteen 2023-2025
<b>Tidspunkt:</b>	Onsdag 15. november 2023, kl. 20:00-22:00
<b>Stad:</b>	Digitalt via Microsoft Teams
<b>Sakliste:</b>	<i>REFERATSAKER:</i> <i>SAK 18 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>SAK 19 23-25 Godkjenning av protokoll møte nr. 03 23-25</i>  <i>ORIENTERINGSSAKER</i> <i>SAK 20 23-25 Rekneskapsrapport pr. 03.11.23</i>  <i>DISKUSJON- og VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 21 23-25 Terminlista 2023/2024</i> <i>SAK 22 23-25 Kvalik. reglement til HL og TL</i> <i>SAK 23 23-25 Nasjonale renn 2024</i> <i>SAK 24 23-25 Budsjett 2024</i> <i>SAK 25 23-25 Felles tidtakarsystem</i> <i>SAK 26 23-25 Trenarsamling Myrkdalen 1.-3. desember 2023</i> <i>SAK 27 23-25 Oppfølging Haustmøte 2023</i> <i>SAK 28 23-25 Bruk av skiklubbutviklar</i>  <i>EVENTUELT</i>
<b>Til stades:</b>	Roger Ellingsund, Atle Sæterbakken, Elisabeth Sætren, Fabian Bergqvist, Rakel Sunde, Cato Vik, Melanie Hetkamp-Andersen (SKU), Kennet Dvergedal (adm.)
<b>Forfall:</b>	
<b>Referent:</b>	Kennet Dvergedal

**Referatsaker:****SAK 18 23-25****Godkjenning av innkalling og sakliste****Bakgrunn**

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

**SAK 19 23-25****Godkjenning av AK protokoll nr. 03 23-25****Bakgrunn**

Protokoll frå AK møte nr. 03 23-25 er sendt ut som eige vedlegg og godkjent elektronisk tidlegare.

**VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner AK protokoll nr. 03 23-25.



## ORIENTERINGSSAKER

### SAK 20 23-25      **Rekneskapsrapport pr. 03.11.23**

#### **Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 03.11.23 er lagt ved som eige vedlegg.

Nøkkeltal frå rapporten:

*Inntekter AK:            kr. 266 330,-*

*Kostnadar AK:         kr. -273 578,-*

*Resultat:                kr. -7 248,-*

*Eigenkapital i AK pr. 31.12.2022: kr. 809 128,-*

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek rapporten til orientering.

## DISKUSJON- og VEDTAKSSAKER

### SAK 21 23-25      **Terminlista 2023/2024**

#### **Bakgrunn**

Terminlista for alpint 2023/2024 ligg som vedlegg.

Utkast til terminlista vart utarbeida i framkant av Haustmøtet laurdag 21. oktober og drøfta i møtet. I høve innspel frå Haustmøtet vart det gjort endringar i terminlista.

Terminlista er sendt til klubbane per e-post etter endringar i høve Haustmøtet. Frist for klubbane til å gje skriftleg tilbakemelding var 9. november.

Per 10. november 2023 er det ikkje kome skriftlege tilbakemeldingar på terminlista.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen vedtek terminlista 2023/2024 slik den føreligg, og med dei endringane som vart drøfta i møtet.

### SAK 22 23-25      **Kvalik. reglement til HL og TL**

#### **Bakgrunn**

Gjeldande kvalik. reglement til Hovudlandsrennet og Telenorleikane er lagt ved som eige vedlegg.

#### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om å følgje gjeldande kvalik. reglement slik det føreligg.



## SAK 23 23-25

### Nasjonale renn 2024

#### Bakgrunn

Alpinkomiteen bør drøfte eit felles opplegg i samband med følgjande nasjonale renn i 2024:

- Hovudlandsrennet i alpint 2.-7. april 2024, Oppdal
- Telenorleikane i alpint, 11.-14. april 2024, Geilo
- BAMA alpine skifestival, 15.-17. mars 2024, Ål

#### VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om følgjande:

- Hovudleiar Hovudlandsrennet: Samarbeid med andre krinsar, Roger og Cato følgjer opp
- Hovudleiar Telenorlekene: Samarbeid med andre krinsar, Roger og Cato følgjer opp
- Hovudleiar BAMA: AK legg opp til digitalt samhandlingsmøte i framkant av arrangementet. Alle påmeldte frå Skikrinsen vert invitert.

## SAK 24 23-25

### Budsjett 2024

#### Bakgrunn

Framlegg til rammer for budsjett til alpinkomiteen for 2024 er lagt ved som eige vedlegg. Skikrinsen sitt budsjett for 2024 blir vedtatt på møte i Skikrinsstyret i utgangen av 2023.

#### ALPINKOMITEEN

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for alpinkomiteen 2024 går i underskot, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 560 460,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr. 630 460,-.

#### Drift komité

Det er budsjettert med kr 322 960,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med Fjord1 og Sparebanken Vest.

Momskompensasjon er budsjettert til ca. kr. 30 000,-

Det er også lagt inn kr. 15 000,- i lisensar/ rennavgifter. Dette er litt under budsjett for 2023 viser.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 358 400,-.



## **NM**

Ifbm. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad kr. 12 800.

Årsbudsjett resultat på dette prosjektet er kr. -12 800,-.

## **Jr. NM**

Ifbm. Jr. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad er kr. 9 600,-.

Årsbudsjett resultat på dette prosjektet er kr. -9 600,-.

## **HL**

Ifbm. Hovudlandsrennet og Landsfinalen er det budsjettert med honorar, reise og overnatting til hovudleiar i tillegg til startkontingent for utøvarane. Det er også budsjettert med forskottering av overnattingskostnader samt refusjon av desse (inntekter).

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -61 000,-.

## **Cup**

Ifbm. Fjord1 rekrutteringstiltak er det budsjettert med kr. 10 000,- i kjøp av premiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 15 000,-.

## **FIS-renn**

Til FIS-renna i alpint er det budsjettert at krinsen dekkar startkontingent på 5 FIS-renn for kvar utøvar. I tillegg er det budsjettert med ei støtteordning til FIS-løparane i Skikrinsen.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -64 500,-.

## **Samlingar/ krinslag**

Samlingane er budsjettert i høve alpinksomiteen sitt sportslege opplegg i 2024.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 258 500,-.

## **Alpinksomiteen**

Til møteverksemd i alpinksomiteen er det sett av kr. 7 000,-.



## VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om å innstille adm. sitt framlegg til budsjett for vedtak i skikrinsstyret. Lage eigen post for freeski, legge inn kr. 30 000,- budsjett for trenarkurs/ TD.

### SAK 25 23-25

#### Felles tidtakarsystem

##### Bakgrunn

Alpinkomiteen gjorde følgjande vedtak om innkjøp av tidtakarsystem i SAK 16 23-25:

*«Alpinkomiteen gjer vedtak om å gå til innkjøp av felles tidtakarsystem. I framkant av kjøpet vil komiteen leggje saka fram til Haustmøtet for å forankre den med klubbane.»*

Vidare bør alpinkomiteen drøfte drift av tidtakarsystemet gjennom sesongen.

## VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at tidtakarsystemet følgjer aktiviteten i terminlista og legg til rette for opplæring av 1-2 superbrukarar i kvar klubb.

### SAK 26 23-25

#### Trenarsamling Myrkdalen 1.-3. desember 2023

##### Bakgrunn

Alpinkomiteen gjorde følgjande vedtak i SAK 15 23-25 i samband med trenarsamling i Myrkdalen 1.-3. desember:

*«Alpinkomiteen gjer vedtak om å vere med å støtte økonomisk til trenarsamlinga. Før ein gjer vedtak om konkret støtte ønskjer AK tilbakemelding om stipulert tal deltakarar frå klubbane.»*

Per 10. november har følgjande klubbar meldt interesse:

- Sogndal alpint, 8 pers
- Breimsbyggda alpint, 3 pers
- Førde alpint, mogleg 1 pers
- Jølster alpint, undersøker kjem med tilbakemelding
- Hafslo alpint, ingen aktuelle
- Haugen alpint, ingen aktuelle

## VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om å støtte per deltakar med kostnad med heiskort (kr. 650,-) fredag-søndag.



## SAK 27 23-25

### Oppfølging Haustmøte 2023

#### Bakgrunn

I samband med fellesdelen til Sogn og Fjordane Skikrins sitt haustmøte 2023 ønskjer skikrinsstyret innspel frå greinkomiteane på følgjande punkt:

- a) Klubbbesøk for skiklubbutviklar
- b) Gåvemidlar frå Sparebanken Sogn og Fjordane (kr. 100 000,-)

I høve punkta gjorde Skikrinsstyret følgjande vedtak i SAK 32 23-25 i styremøte:

*«Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande:*

- a) Greinkomiteane følgjer opp klubbbesøk i si grein. Vidare legg adm. til rette for felles samhandlingsmøte med representant frå komitéane og SKU. Det er også ønskje om at SKU tek initiativ til fleire barmarkssamlingar på tvers.*
- b) Skikrinsstyret ønskjer innspel frå greinkomiteane til kva ein kan bruke gåvemidlane på.»*

#### VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om:

- a) SKU prioriterar oppfølging av klubbar i region Nordfjord, spesielt breimsbygda alpint.
- b) Spelar inn gode tiltak til adm. ved høve.

## SAK 28 23-25

### Bruk av skiklubbutviklar

#### Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins har tilsett Melanie Hetkamp-Andersen i 50% stilling som skiklubbutviklar.

For å leggje til rette for eit godt opplegg i dei yngre klassane kan det vere aktuelt for alpinkomiteen å bruke Melanie ut over jobben ho gjer som skiklubbutviklar.

#### VEDTAK

Alpinkomiteen ønskjer å ha moglegheita til å bruke SKU ut over 50% stilling.

## EVENTUELT

**Neste møte i alpinkomiteen:** Midten av desember (digitalt)



Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Roger Ellingsund (s)  
Leiar AK

Kennet Dvergedal (s)  
Adm. sjef